

FRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET 22.06.2017.

REGELVERK FOR TILDELING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL NYDVRKING.

Føremålet med tilskotsordninga er å styrke næringsgrunnlaget på eksisterande gardsbruk. Ei utnytting av dei store dyrkingsressursane i Åmli kommune er viktig med tanke på sysselsetting i kommunen.

Krav til føretak som mottar kommunalt tilskot:

Det er eit krav for å motta tilskot til nydvrking at føretaket fyller kriteria for å motta støtte etter «Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket» eller oppfyller driveplikta ved bortleige. Søkar må vere busett på eigedomen, eller ha sitt konsesjonsforhold i orden i forhold til buplikt. Det er mogleg å søke tilskot på eige areal, leigd areal og på areal som blir bortleigd. Det krevst skriftleg leigeavtale på minst 10 år.

Eksisterande jordbruksareal som føretaket disponerer må vere i drift for å kunne motta tilskot til nydvrking. Det kan settast vilkår om istandsetting av areal før ein betalar ut tilskot til nydvrking.

Søkar må legge fram dyrkingsplan på minst 10 da. Dyrkingsplanen må godkjennast av kommunen i samsvar med «Forskrift om nydvrking» fastsett av Landbruksdepartementet. Dyrkingsarbeidet må vere gjort i samsvar med godkjent dyrkingsplan og dei vilkår som er sett til denne.

Storleik på tilskot:

Tilskot til nydvrking blir gitt med eit tilskot på inntil kr 1000 pr da, men maks 30% av godkjente kostnader dokumentert i reknesaksoppstilling etter at tiltaket er gjennomført. Kostnader som kan godkjennast er kostnadene knytt direkte til nydvrkingsarbeidet.

Ein set eit tak på tilskotssummen per føretak på kr 50.000 over ein 10-årsperiode. Ved fastsetting av tilskot blir det gjort frådrag for eventuelt tidlegare utbetalt tilskot til det enkelte føretaket dei siste 10 åra. Dersom fleire føretak søker om tilskot på same landbrukseigedom blir samla tilskot på eigedomen ut over kr 50.000 prioritert etter andre søkerar.

Fristar og behandling:

Søknad om tilskot må leverast kommunen innan 1.april. For 2017 er søknadsfristen 10.juli. Søknader som ikkje blir prioritert eitt år på grunn av for lite midlar, vil bli vurdert i neste søknadsrunde. Det kan søkast om tilskot etter at arbeidet er påbegynt.

Arbeidsfristen er 1.november året etter tilskotet er løyvd. Tiltaket kan ferdiggodkjennast når arealet er klart til såing. Det er mogleg å søke om 1 års forlenging av arbeidsfristen. Ein må grunngje behovet for forlenging av fristen. Søknad om forlenging av arbeidsfrist må sendast seinast 1 månad før den opprinnelige fristen går ut.

Før utbetaling av tilskotet må kommunen ferdiggodkjenne tiltaket. Utbetalinga skjer i løpet av same budsjettår.

Areal det er gitt tilskot til må haldast i hevd i minst 10 år. Blir ikkje arealet halden i hevd ein så lang periode, må tilskotet tilbakebetalast prosentvis i høve til dei åra det har vore ute av drift.

Retningslinjer for prioritering:

- Søkarar under 35 år
- Utviding av eksisterande bruk med jordbruksareal
- Nye søkerar framfor dei som har fått tilskot tidlegare